



Mønehøgda bekymrar oppsittarane i Beinavikjo

Sigurd Utne har også sendt merknad om reguleringsplanen for Beinavikjo-området og peikar mellom anna på at den bygning som nyleg er reist er vesentleg høgare enn den den tidlegare, vel 100 år eldre sjøbod som stod der.

Mønehøgda er 12,215 meter. Møneretningen er i tillegg dreia 45 grader slik at mønet ikkje berre viser si nye høgde, men også si fulle breidde.

- Dette har vi ikkje fått byggjemelding og nabovarsel på, skriv Utne. Han peikar på at frisktsona mot fjorden i vest og også tomteverdien er betrakteleg redusert.

Også Terje Gravdal og Tove Hidle kjem inn på mønehøgda og held fram at den i området KH1 (der trelastlageret er i dag) ikkje må overstiga mønehøgda på det lågaste av dei to bygningane Uskedalen Brygge til no har reist/renovert.

- Vi støttar difor forvaltningskomiteen i at det ikkje er aktuelt å byggja appartementshotell i KH1. Ei slik mønehøgde vil ta utsikten frå tomta vår og vil dermed forriga verdien av vår eigedom vesentleg, skriv dei.

Men dei ser for øvrig svært positivt på dei tiltaka som er planlagde og trur dei kan la seg gjennomføra med dei tilpasningane som det måtte bli krav om. Dei ber om at Uskedalen Brygge AS, gjerne i samarbeid med kommunen, tar initiativ til eit møte der alle involverte partar kan møtest for å få informasjon om prosjektet sitt.

Av Ola Matti Mathisen